

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/32-8

Statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 79 tildeling av tilskot til verdsarven

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Løa på Ramsøy i Aurland kommune får tildelt kr. 208 000,- av dei resterande midlane frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 tilskot til verdsarven.
2. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskotet.
3. Dei resterande 72 000,- kr frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 79 tilskot til verdsarven vert fordelt i ei seinare sak.

Vedlegg:

1. Brev av 20. februar 2019 frå Riksantikvaren med tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 79 Verdsarv
2. retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79

Andre relevante dokument i saka:

Saksprotokoll og saksutgreiing HNK-sak 16/19

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk for 2019 tildelt kr. 1 400 000,- i tilskot til kulturminne i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Mesteparten av midlane vart fordelt i HNK-sak 16/19. Etter vedtak i HNK-sak 16/19 var det kr. 280 000,- av tilskotet som ikkje var fordelt og skulle fordelast i ei seinare sak. I denne saka vart det og gjort vedtak om at søknaden om tilskot til istandsetjing av løe på Ramsøy skulle handsamast i ei seinare sak.

Fylkesdirektøren gjorde i sak 16/19 slik vurdering av den opphavlege søknaden om tilskot til istandsetjing av løa på Ramsøy:

Løa/fjøset på Ramsøy har 1. prioritering i restaureringsplanen for området Ramsøy. Fylkesdirektøren er positiv til istandsetjing av bygningen, men det er ein del utfordringar i prosjektet slik det er skildra i søknaden om omfattar demontering av bygningen. Fylkesdirektøren vurderer demontering av bygningen som unødvendig i dette tilfellet då den lett kan restaurerast på plassen. Fylkeskommunen er i dialog med eigar og Aurland kommune om å finne ei løysing på istandsetjing av bygningen utan demontering. Av den grunn tilrår fylkesdirektøren at ein utset handsaminga av denne søknaden til eit seinare møte når dei nødvendige avklaringane er gjort. Ein sum av tilskot frå post 79, vert difor ikkje fordelt i denne omgang slik at vi eventuelt kan tildele den til istandsetjing av løa på Ramsøy seinare.

Fylkeskommunen sin restaureringsleiar har hatt synfaring til løa saman med eigar og Aurland kommune der ein drøfta moglege løysingar for istandsetjing av løa utan demontering. Eigar har i ettertid justert prosjektet og fått utarbeida nytt kostnadsoverslag for istandsetjinga.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesdirektøren har vurdert det endra prosjektet slik det er skildra i det nye kostnadsoverslaget. Istandsetjinga slik det no er førelagt krev ikkje demontering av heile bygningen og det er her lagt vekt på å nytte om att så mykje som mogleg av den eksisterande materialen. Då bygningen har ein dårleg teknisk tilstand og ein god del av materialen må skiftast ut er det etter fylkesdirektøren si vurdering særskild viktig at ny material har same kvalitet og utforming som den opphavlege, dette vil bli gitt som vilkår for tilskotet. At bygningen skal restaurerast på staden og ikkje demonterast for istandsetjing i hall vil òg bli eit vilkår for tilskotet.

I det nye kostnadsoverslaget var det ikkje lagt ved ny finansieringsplan for arbeidet med løa. Ved utrekning av storleiken på tilskotet har fylkesdirektøren difor tatt utgangspunkt i den opphavlege finansieringsplanen der det var søkt om eit tilskot i underkant av 70% av kostnadane ved prosjektet. Fylkesdirektøren tilrår av den grunn at hovudutvalet tildeler eit tilskot på kr. 208 000,- noko som utgjer ca. 70% av kostnadane ved prosjektet i det nye kostnadsoverslaget.

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutvalet til å gjere vedtak i tråd med framlegg.